

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.06.2014

Handsaming i møte

RS 36/14 Skatt 2014

Oversyn over skatteinngang pr. mai 2014 vart delt ut i møtet.

RS 44/14 Nytt styrevervregister

Alle medlemmene i kontrollutvalet vert oppmoda om å registrera seg i styrevervregisteret dersom det ikkje allereie er gjort.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Medlemmene i kontrollutvalet vert oppmoda om å registrera seg i styrevervregisteret.

RS 46/14 Møteplan 2015 for fylkeskommunale organ

Sekretariatet legg i neste møte fram sak om møteplan for 2. halvår 2015 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Sak om møteplan for 2. halvår 2015 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vert lagt fram i neste møte.

RS 49/14 Handlingsplan forvaltningsrevisjon økonomistyring

Frist for gjennomføring av dei fleste tiltaka er sett til i løpet av 2014. Kontrollutvalet ønskjer difor å få ny statusrapport innan utgangen av desember 2014.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sidan tidsfrist for gjennomføring av dei fleste tiltaka er sett til i løpet av 2014 ber kontrollutvalet om å få ny statusrapport innan utgangen av desember 2014.